



Haugland-hjort som var felt i fjor. (Foto: Jane Haaranes)

**Mykje tyder på at ein stad mellom 1340 og 1350 hjortar vil kunne fellast i Noregs største hjortekommune Kvinnherad under årets jakt og det vil vera ein auke på kring 100 dyr frå i fjor. Dermed blir det igjen sett ny fellingsrekord.**

**Det blir også ein viss auke i Uskedalen, opplyser viltforvaltar Leiv Trygve Varanes til uskedalen.no**

**Jakta tek til 10. september.**

Han er ikkje no istand til å gje oss det endelege talet, men så langt er det gjeve løyve til å fella 131 dyr i Uskedalen.

Det vil komma fem-seks i tillegg til dette talet - på Haugland der det er betydelege skader på innmark. Haugland-valdet fekk løyve til felling av seks ungvallar/bukkar i tidsrommet frå 1. juli til 9. september. Desse var felt på tre kveldar allereie i starten av juli.

Under siste jakt vart det felt 98 hjortar i Uskedalen.

Noko som vil endra og auka det endelege talet i kommunen noko er at dei har nokre justeringar av minstearealet på gang.

Mykje av auken ligg i at mange små vald har organisert seg i større valdeiningar samstundes som dei har utarbeidd bestandsplanar. I denne samanhengen lokkast det med utløyning av fleire fellingsløyve og litt lågare fellingsavgift. Derfor er dei no nede i kring 100 jaktvald i kommunen medan det var nokre år sidan var mellom 120 og 140, påpeikar Varanes i Kvinnheringen.

Når valda blir større får dei betre oversyn over heile den lokale hjortestamma. Med eit slikt oversyn og bestandsplan blir det ein meir retta avskyting. Valdet tek stutt sagt meir ansvar for eiga stamme.

Varanes trur ikkje at toppen enno er nådd med omsyn til storleiken på stamma. For at stamma ikkje skal veksa seg altfor stor og for at dyra skal bli større og sunnare må dei halda fram med felling av mange dyr i åra som kjem.

Av Ola Matti Mathisen

